

onsdag 06.11.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl. 17.30	<b>Film 1: Toy Story 4</b>
		kl. 19.30	<b>Film 2: De dødes tjern</b>
	Kulturskule Evje og Hornnes, Bygland, Åseral; Bygland folkebibliotek	kl. 18	<b>Open informasjonsmøte om kulturskule</b>
torsdag 08.11.	Setesdal regionråd; Revsnes hotell	kl. 18	<b>Bedriftsøkonomi og rekneskap (2/3), gratis kurs</b>
laurdag 09.11.	Bygland kyrkje	kl. 19	<b>Konsert med Sveinung Hølmebakk; billett: kr. 250,-</b>
sundag 10.11.	Bygland kyrkje	kl. 11	<b>Gudsteneste</b>
tysdag, 12.11.	Setesdal regionråd; Revsnes hotell	kl. 18	<b>Bedriftsøkonomi og rekneskap (3/3), gratis kurs</b>
sundag 17.11.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 16	<b>Gudsteneste</b>
torsdag 21.11.	Bygland Folkebibliotek - dukketeater	kl. 17.30	<b>Askeladden friteater: «Askeladden og Gullfuglen»</b>
Laurdag 23.11.	Bygland IL med Valle IL og Otra IL; Byglandshallen	kl. 10	<b>Setesdalsmeisterskap i barnefotball 6-12 år</b>
måndag 25.11.	Bygland bygdekvinnelag; bibliotek Byglandsfjord	kl. 19.00	<b>Bokpresentasjon: bøker for haust- og vintermørket</b>

#### Arrangement i november i Setesdal eller omland av felles interesse:

**25.10.-03.11. Kulturveka i Valle**

**01.11. Brokke-Suleskarvegen stenger kl.12.** Vegen blir opna att den 20. mai 2020

**14.11. Likestillingskonferansen 2019** – Universitetet i Agder;

[www.uia.no/likestilling](http://www.uia.no/likestilling)

**Redaksjonsnotat:** Tusen takk til **Line Haugaa** for fint coverbilde, **Sonja Lien Skjevraak** for bilde frå kommunen sin kafédialogmøte i Byglandsfjord og **Frank Egil Reise** for fint Kva skjer-november-bilde!

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**



## Byglandsnytt nr.3 – november 2019

### Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)  
**Neste utgåve: 1. desember** – tips om arrangement sender du til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) innan 25.11.

### Helsing frå ordføreren Sigbjørn Åge Fossdal

Kjære Byglendingar!

Den 16.10. vart eg valt til ordførar i Bygland kommune. Dette er eit verv eg er stolt, men au ydmyk over å ha blitt valgt til. Saman med kommunestyret vil eg arbeide hardt, for at Bygland fortsatt skal vere ein god kommune for alle våre innbyggjarar å leve i, med eit godt tenestetilbod for unge og eldre.

Eg vil også prioritere arbeidet med næringsutvikling for å skape nye arbeidsplassar, arbeide med å marknedsføre kommunen med alt det positive me har å by på, som Byglandsfjorden, uberørt natur, flotte turmuligheter, fine bustadtomter og m.m. Me må satse på ungdommen og legge til rette for eit godt aktivitetstilbod i regi av lag og foreningar, men også til dei som ikkje er aktive i organisert virksomhet. Detter er viktig, for ungdommen er framtida, og nokon av våre beste ambassadører. Arbeidet med revisjon av kommuneplanen er godt i gang, og eg vil oppfordre alle om å kome med innspill til dette arbeidet. Kommuneplanen er eit viktig styringsdokument for dei neste 12 åra.

Kontakten med innbyggjarane er for meg viktig. Har dykk noko på hjarta, så ta kontakt på telefon, epost eller stikk innom for ein kopp kaffi og ein prat på kontoret.

Med venlig helsing

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Bygland kommune etter valget 2019

**Ordfører:** Sigbjørn Åge Fossdal (AP)

**Varaordfører:** Olav Neset (H)

### Kommunestyret for perioden 2019 – 2023:

**Medlem: Arbeiderpartiet:** Sigbjørn Åge Fossdal (ordfører), May Britt Stenjør, Kim A. N Thorstensen, Annette Larsson - **Høyre:** Olav Neset, Anne Eikerapen, Ingar Ståle Håvi Lindsetmo, Aslaug Simonstad Sitje – **Setesdalslista:** Runar Flåt Granheim, Anette Skars Skeie, Ann-Cecilie Andersen Attestog – **Senterpartiet:** Signe Berit Sollien Haugå, Åsulv haugetveit, Vigdis Beisland, Tor Kasin

**Varamedlem:** se <https://www.bygland.kommune.no/kommunestyret.295106.nn.html>

### Formannskap for perioden 2019 - 2023:

**Medlem:** Sigbjørn Åge Fossdal, May Brit Stenjør, Olav Neset, Annette Skarshaug Skeie Signe Berit Sollien Haugå

**Varamedlem:** se <https://www.bygland.kommune.no/formannskap.295104.nn.html>

### Plan, miljø- og ressursutvalet for perioden 2019 - 2023:

Leiar: Anne Eikerapen; nestleiar: Kim A. Nomeland Thorstensen

### Kontrollutvalet for perioden 2019 – 2023:

Leiar: Tor Kasin; nestleiar: Oddvar Omnes

### Politiske møte, sakspapir og protokollar: [www.bygland.kommune.no/innsyn](http://www.bygland.kommune.no/innsyn)

Kommunestyret: 06.11. kl. 18:00

Plan, miljø og ressursutvalet: 19.11. kl 12:00

Formannskapet: 20.11. kl 12:00

Streaming kommunestyremøte: <http://www.ddsetesdal.no/media/bygland.html>

Ver klar over at møteplanen kan bli endra.

### Kva er det gode lokalsamfunnet?

Bygland kommune har nå gjennomført fire folkemøte i form av kafédialog. Til saman var det 48 personar som deltok. Det har vore gode samtalar rundt borda der deltakarane har kome med konstruktive innspel til kva som kan bidra til det gode

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

torsdagar	Byglandshallen	kl. 13.00-15.30	Aktivitetskafe med styrketrening
	Årdalshallen	kl.19.00	Volleyball (torsdagar)
1. og 3. tor	Bygland frivilligsentral	kl.18.00	Strikkekafe (3. + 17.10.)
fredagar	Symjehallen/Bygland skule	kl. 17.00-20.00	Familiebading

(Bygland Frivilligsentral - kontakttelefon: 945 10 770)

Aktivitetsplan for Bygland Idrettslag fin du her <http://www.bygland-il.no/>



## KVA SKJER I BYGLAND? – November 2019

Bygland har mange arrangement å by på for barn og vaksne. Kom og bli med!

DATO	ARRANGJØR; STED	TID	ARRANGEMENT
sundag 03.11.	Årdal kyrje, Grendi	kl. 11	Gudsteneste
tysdag 05.11.	Setesdal regionråd; Revsnes hotell	kl. 18	Bedriftsøkonomi og rekneskap (1/3), gratis kurs; Påmelding: <a href="http://kurs.grundersenter.no/schedule/grunder/kurs?view=month">http://kurs.grundersenter.no/schedule/grunder/kurs?view=month</a>

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Regelmessige arrangement i Bygland kommune

(delvis med unntak i ferier + høgtider; hør med arrangjøren)

DAG	STED	TID	ARRANGEMENT
<b>måndagar</b>	Pakkbua/ Byglandsfjord	kl. 10.30- 14.30	<b>Seniorsenter på Byglandsfjord</b>
	Byglandshallen	kl. 15:30	<b>Tepebowls</b>
(i partallsveker)	Årdalshallen	kl. 17.00	<b>KRIK-mini 1.-5. klasse</b>
	Årdalshallen	kl. 18.00	<b>Styrketrening (familietrim)</b>
	Årdalshallen	kl. 19.00	<b>Fotball for voksne</b>
annankvar mån	Fredheim Bedehuset /Byglandsfjord	kl. 17.00	<b>Barnekoret på Byglandsfjord (4., 18.11.)</b>
1. mån/månad	Byglandsheimen	kl. 10-14	<b>Handletur til EVJE (6.11.)</b>
<b>tysdager</b>	Bygland frivilligsentral	kl. 11-12.45	<b>Praktisk hjelp heime</b>
	Bygland frivilligsentral	kl. 11.00	<b>Gåtur på dagtid/Bygland</b>
	Årdalshallen	kl. 19.00	<b>Volleyball (tysdagar)</b>
annankvar tys	Bygland frivilligsentral	kl. 12.00	<b>Tysdagskafé (08. + 22.10.)</b>
annankvar tys	Bygland frivilligsentral	kl. 18.00	<b>Bingo (01., 15. + 29.10.)</b>
<b>onsdagar</b>	Bygland frivilligsentral	kl. 14.00- 18.00	<b>Utstyrssentral</b>
	Årdalshallen	kl. 16.30	<b>Barnetrim</b>
	Årdalshallen	kl. 18.00	<b>Styrketrening (damer)</b>
	Symjehallen/Bygland skule	kl. 17.00- 20.00	<b>Familiebading</b>

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

lokalsamfunnet. Vi set stor pris på at de alle har stilt opp og delteke med stort engasjement. Dei beste løysingane finn vi saman!

Innspela som har kome inn, er av ulik detaljeringsgrad. Noko vil bli med i kommuneplanen sin samfunnsdel, noko vil bli levert over til einingane og noko vil vi prøve å få realisert raskt.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Planen skal opp til politisk behandling i løpet av vinteren.

*«Tusen takk til de som har bidrege så langt og så møtast vi ved kafébordet ved neste høve!»*

*Sonja Lien Skjevrak  
Fagleiar Plan, Bygland kommune*



### Drift og Forvaltning

Det er mange prosjekt på gang. Status på dei mest iaugefallande er som følgjer:

- Uteområda i begge barnehagane, samt skuleplassen på Byglandsfjord, held på å bli rusta opp. Skuleplassen på Bygland blei ferdigstilt tidlegare i haust.
- Bygland Kulturscene har fått ei flott teleskoptribune. Viss ein vil låne Kulturscena, kan ein kontakte tenesteleiar Irene Moe på Bygland skule.
- Arbeidet med bygging av nytt reinseanlegg og brannstasjon går sin gang.
- Når det gjeld vedlikehald av kommunale vegar, er det utført grøftereinsking på fleire strekningar, reasfaltering og utbygting av ca 29 nye gatelys i all hovudsak på Byglandsfjord. På Bygland vil lysrekka frå sentrum mot Jordalsbø få nytt leddarmatur. Stolpar vil bli retta og bytta ut ved behov.
- Det blir handtert snøskutersøknadar for perioden fram til 2023.
- Bygland kommune har signert partneravtale med Klimapartnere Agder. Even Simensen blir klimakontakt i Bygland kommune.
- Søknadsprosedyre / skjema m v vidare tilpassa endra reglar for kommunal brøyting av private vegar er fullført. Søknadsfristen er fortlaufande og ordninga byrjar å gjelde f o m 01.01.2020.

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Helse og omsorg

- I år er det 60 år sidan fyrste byggetrinn på Byglandsheimen. Dette jubileet blir feira i veke 48 med eget jubileumsprogram. Programmet blir hengt ut.
- Margit Smedsland vart tildelt Demensprisen for Agder av Nasjonalforeininga for folkehelsa. Vi gratulerer!
- Frå 4.11 er det lokal legevakt igjen, 15.30-23 på kvardager og 8-23 laurdag, søndag og heilag dagar. Frå 23-08 er det legevakta i Arendal som har vakt. Telefon legevakt er 116 117.
- Bygland kommune har fått ny prostidiakon, Per Emanuelsen. Per er godt kjend i kommunen gjennom tidlegare arbeide. Han jobber i Bygland, Valle og Bykle kommune i 50 % stilling og kan treffast på telefon 977 19 173.

## Influensavaksine hausten 2019/vinteren 2020

Vi er no i gong med influensavaksinering. Du kan få vaksina på legekantoret i Bygland på måndagar, tysdagar og torsdagar kl. 09.00 – 14.30, og på legekantoret i Byglandsfjord onsdagar og fredagar frå 09.00 – 14.30. Ver klar over at det kan oppstå kø, og at de i tillegg må sitte på venterommet i 20 minutt etter vaksinering. Det må og vere ein lege tilstades, difor er det lurt å avtale tid på førehand. Prisen på vaksine er kr. 250.- (inkl. eigenandel)

## Risikogrupper som årleg bør vaksinere seg mot sesonginfluensa, og som kan få vaksine:

- Alle frå og med fylte 65 år
- Bebuarar i omsorgsbustad og sjukeheim
- Gravide etter 12. svangerskapsveke (2. og 3. trimester). Gravide i 1. trimester med annan tilleggfrisiko kan vurderast for vaksinasjon
- Barn og vaksne med:
  - diabetes mellitus, type 1 og 2
  - kronisk lungesjukdom (inkludert astma)
  - kronisk hjarte- og karsjukdom, spesielt personar med alvorleg hjartesvikt, lavt minuttvolum eller pulmonal hypertensjon
  - kronisk nyre- eller leversvikt
  - kronisk nevrologisk sjukdom eller skade, spesielt personar med nedsett lungekapasitet
  - nedsett infeksjonsresistens
  - svært alvorleg fedme (kroppsmasseindeks - KMI - over 40)
  - andre alvorlege og/eller kroniske sjukdomar der influensa er ein alvorleg helseisiko, etter individuell vurdering av lege

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

samfunnsfunksjonar som straum, mobilnett, internett, transport, vatn og avlaup.

Dei grunnleggjande behova som må dekkast dei første tre døgna av ei krise er: varme, drikke, mat, legemidlar, hygiene og informasjon.

**Meir om kampanjen:** Informasjonsmateriell kan du finne her:

<https://www.dsb.no/egenberedskap/>

På <http://www.sikkerhverdag.no> finn du oppdaterte råd og konkrete forslag til kva ein alltid bør ha i heimen. Råda dei gjev, har vore ute på breid høyring og er forankra hos aktuelle myndar.

## Ditt eige beredskapslager:

Nedanfor er eit eksempel på kva ein kan ha i hus for å klare seg sjølv i tre døgn:

- 9 liter vatn pr. person
- To pakker knekkebrød pr. person
- Ei pakke havregryn pr. person
- Tre boksa middagshermetikk eller tre posar tørrmat pr. person
- Tre bokser pålegg som held lenge pr. person
- Nokre posar turka frukt eller nøtter, kjeks og sjokolade
- Medisin du er avhengig av
- Ved-, gass- eller parafinovn til oppvarming
- Grill eller kokeapparat som går på gass
- Stearinljøs, lommelykt med batteri, parafinlampe
- Fyrstikker eller lighter
- Varme klede, pledd og sovepose
- Førstehjelpspakke
- Batteridreven DAB-radio
- Batteri, batteribank (powerbank) og mobilladar til bilen
- Våtserviettar og desinfeksjonsmiddel
- Turke-/toalettpapir
- Litt kontantar
- Ekstra drifstoff og ved/gass/parafin/
- Raudsprit til oppvarming og matlaging
- Jodtablettar (til bruk ved atomhendelsar)

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Tømekalender i Bygland kommune

**Papir og plast:** veke 45: tysdag, 05.11.

**Matavfall og glas/metall:** veke 45: torsdag, 07.11.

**Matavfall og restavfall:** veke 47: torsdag, 21.11.

Gjenvinningsstasjonen på **Nesmoen** har ope:

2. onsdagen i månaden 14.00 – 18.00 og 4. laurdagen i måneden 10.00 – 13.00. - I november er det onsdag 13.11. kl 14.00-18.00 og laurdag 23.11. kl 10.00-13.00

**Strøsand** kan du hente på Nesmoen i arbeidstida.

**Syrtevit:** fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00-14.30, torsdag kl. 08.00 -19.00 og 2. laurdagen i månaden kl. 10.00-1300 (09.11.)

### Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

post@smg-iks.no www.smg-iks.no tlf: 37 93 17 00

## Styrk din eigenberedskap!

*Kva gjer du om straumen skulle bli borte i fleire dagar, mobilnettet sluttar å virke eller det ikkje er vatn i springen? DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap) i samarbeid med Oslo kommune har lansert kampanjen "Du er en del av Norges beredskap"*



Kampanjen har blitt lansert for å styrke kunnskapen om eigenberedskap hos folk.

Hovudinnhaldet i kampanjen er konkrete råd om kva folk kan gjere for å førebu seg best mogleg om noko skulle skje med kritiske

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Gudstenester og møte

### Gudsteneste

sundag 03.11. kl.11, Årdal kyrkje, Grendi

sundag 10.11. kl.11, Bygland kyrkje

sundag 17.11. kl. 16, Sandnes kyrkje, Åraksbø

### Andakt på Byglandsheimen

tysdag 05.11. kl. 14

tysdag 19.11. kl.14



### Kyrjekontoret på Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472; Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

### Bygland Frivilligsentral

Bygland Frivilligsentral skal vere ein lokalt forankra møteplass, open for alle som vil ta del i det som skjer. Den er ein sentral aktør i lokalmiljøet som koordinerer og legger til rette for frivillig arbeid. Ein kan kontakte leiaren Anne Fauske dersom ein ønskjer ein plass og møtast, har ein ide om ein aktivitet eller liknande på telefon

### Kontaktinformasjon:

Tlf. 94510770

post@bygland.frivilligsentral.no

postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland



### Tilbod

- Handletur til Evje
- Bingo
- Besøksven
- Bygdemiddag
- Følgjehjelp (doktor/tannlege)
- Senioretreff
- Tysdagscafé
- Gåtur på dagtid/Bygland
- Lytteven
- Matombringing
- Person/varetrans port
- Bistand heime: ved, hauste frukt,

strøing, vask, plenklypp

- Rickshawsykkel
- Strikkekafe
- Utstyrssentral
- Aktivitetskafe
- gratis leige av møteplass
- mye meir ☺

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Bygland lag og foreiningar

Oversikt over lag og foreiningar i Bygland kommune. Korrektur eller tillegg sendes via epost til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

LAG	LEIAR	MOBIL	EPOST
Bygland IL	Leif S Helle	95052813	leif.sigurd.helle@bygland.kommune.no
Bygland Jeger og Fiskarlag	Morgan Igland	91673438	morigl75@gmail.com
Bygland Ungdomslag	Oddbjørn Berg	95945165	berg123@online.no
Bygland Helselag	Arve Rauk	46474411	arve.rauk@gmail.com
Framsteg 4H	Jorunn Skjevrek	94975666	jorunn.skjevrek@live.no
Bygland Bygdekvinnelag	Solfrid Vestrøm	90649462	solfrid.vestrom@bygland.kommune.no
Bygland Husflidslag	Gro Tove F. Sandnes	95041185	gro.sandnes@bygland.kommune.no
Bygland Skyttarlag	Olav K. Sandnes	91802376	Olav67@gmail.com
Byglandsfjord Barnekor	Norunn Greibesland	90060304	
Kong Hanes Efterfølgere	Siv Eline J. Granheim	93019290	siveline@live.no
Austad leikarring	Irene Moe	97660811	irene.moe@bygland.kommune.no
Byglandsfjord Grendelag	Kirsten Lømsland	48256857	
Bygland Hornmusikk	Marit Vegusdal	41511136	
Bygland Mållag	Sigrid Åsen Haugsgjerd	41185583	sigrid.haugsgjerd@gmail.com
Mekkeklubben	Finn Oscar Rosmer	37934228	
Bygland Luftsportklubb	Amun Røstøen Løvland	94008345	post@blsk.no
Krik mini Byglandsfjord	Janne Nesse	48238753	
Setesdal Revmatikerforening	Kathe Merete Kjetså	91853278	setesdalen.ag@revmatiker.org

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulans: 113 - Legevakt: 116 117**

## Bygdekinoen ([bygdekinoen.no](http://bygdekinoen.no)) – onsdag 13.11. på Bygland kulturscene

### Film 1, kl. 17.30: Toy Story 4 2D Norsk tale

#### Omtale

Woody (Tom Hanks) har alltid vore trygg på sin plass i verda og oppgåva si – å ta vare på barnet sitt, anten det er Andy eller Bonnie. Så når Bonnies nye heimelaga leike, Gaffen, erklærer seg sjølv som søppel og inga leike, tek Woody på seg å vise Gaffen (Tony Hale) kvifor han burde omfamne det å vere ei leike.

**Billettpris:** kr 90,-

**Aldersgrense:** 6 år **Språk:** norsk



### Film 2, kl. 19.30: De dødes tjern

#### Omtale

Inspirert av romanen "De dødes tjern" av Bernhard Borge  
Lillians tvillingbror Bjørn dør på mystisk vis aleine ved den gamle familiehytta. Nå, eit år seinare, kjem Lillian og vennene hennar til hytta for å ta farvel med og selje staden. Like etter dei kjem fram byrjar mystiske ting å skje. Lillian går i søvne og kan ikkje lenger skilje mareritt frå realitet. Nokon eller noko jaktar på dei og til slutt dukkar det opp eit lik. Er legenda om Tore Gruvik i ferd med å bli realitet eller er fienden av dei som er på hytta no? Kva skjedde sist sommar og kva var galt med Bjørn Werner?

**Billettpris:** kr 110,-

**Språk:** norsk - **Genre:** skrekkfilm



**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulans: 113 - Legevakt: 116 117**